



ØRSTA KOMMUNE

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

2003 2997 192

162/BS

T.N

486

Arkivsak: 03/02629

HØRING PÅ UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG FORSKRIFT OM TILSKOT TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET

Sakhandsamar: Liv Bente Viddal	Arkivkode: K21	
Utvalsak Utval		Møtedato
0047/03	LANDBRUKSNEMNDA	11.12.2003

Vedtak/handsaming i LANDBRUKSNEMNDA den 11.12.2003

**VEDTAK:**

**Høring på forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket:**

Landbruksnemnda viser til saksutgreiinga, og meiner at kravet om registrering i einheitsregisteret i §3 *Vilkår* må takast ut av forskrifta. Vidare bør det presiserast at lag/organisasjonar o.l. kan søkje om midlar i samarbeid med grunneigarar.

**Høring på forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket:**

1. Landbruksnemnda viser til saksutgreiinga og kommentarane der til Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, og gir fråsegn til høyringa i samsvar med desse.
2. Dei fleste endringar som forskrifta legg opp til har klart negative verknader for skogbruksnæringa under våre tilhøve, og vil ikkje verke stimulerande til auka aktivitet.

**HANDSAMINGA:**

(6 røysteføre)

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Rett utskrift, 11.12.03

Áshild Steinnes

- sekretær -

# SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar : **Liv Bente Viddal**  
Arkivsaksnr.: **03/02629**

Arkiv: **K21**

Saka gjeld: **HØRING PÅ UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILSKOT TIL  
SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG FORSKRIFT  
OM TILSKOT TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I  
SKOGBRUKET**

## TILRÅDING:

### Høring på forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket:

Landbruksnemnda viser til saksutgreiinga, og meiner at kravet om registrering i einheitsregisteret i §3 *Vilkår* må takast ut av forskrifta. Vidare bør det presiserast at lag/organisasjonar o.l. kan søkje om midlar i samarbeid med grunneigarar.

### Høring på forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket:

1. Landbruksnemnda viser til saksutgreiinga og kommentarane der til Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, og gir fråsegn til høyringa i samsvar med desse.
2. Dei fleste endringar som forskrifta legg opp til har klart negative verknader for skogbruksnæringa under våre tilhøve, og vil ikkje verke stimulerande til auka aktivitet.

### **Utskrift til:**

Det Kongelige Landbruksdepartement, Postboks 8007 Dep, 0030 Oslo

**Vedlegg:**

Det Kongelige Landbruksdepartement, HØRING PÅ UTKAST TIL FORSKR. OM TILSKUDD TIL SPES. MILJØTILTAK I LANDBR. OG FORSKR. OM TILSK. TIL NÆRINGS- OG MILJØTILT. I SKOGBR. , 28.10.2003

**Uprenta saksdokument (følgjer saka):****Samandrag:****Saksopplysningar:**

Frå og med 2004 vil kommunene få tildelt ei årleg disposisjonsramme frå Fylkesmannen, som vil omfatte midlar til miljøtiltak i landbruket, nærings- og miljøtiltak i skogbruket og skogbruksplanlegging. Det vert utarbeidd nye forskrifter som kommunene skal bruke som grunnlag for forvaltninga av desse midlane. To av forskriftene er med i denne høyringa.

Forskrift for tilskudd til skogbruksplanlegging har vore på høyring tidlegare, medan denne høyringa omfattar Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket og Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Desse forskriftene skal verte gjeldande frå 01.01.04. Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket vil erstatte: Forskrift om spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap (STILK), Forskrift om investeringsstøtte til miljøtiltak (IMT), forskrift om tilskudd til miljøretta omlegging i kornområda (MOMLE), og ordninga med tilskott til områdetiltak. Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket vil erstatte: Forskrift om behandling av søknader og utbetaling av statstilskudd m.v. til skogsveier og forskriftene om tilskudd til praktikanter i skogbruket, førstegongstynning, drift i vanskelig terreng, skogkultur, bygging av skogsveier og miljøtiltak i skogbruket.

**Vurdering og konklusjon:****HØYRING PÅ FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET**

Den nye forskrifta er "vid" og lite konkret i forhold til tidlegare forskrifter, der det var meir presisert kva typer tiltak ein kunne søkje om midlar til. Ein ser dette som eit ledd i at kommunen skal få større råderett over kva tiltak ein ynskjer å prioritere og nytte midlane til.

I §3 Vilkår står det m.a.:

*Tilskudd kan gis til foretak som har rett til produksjonstilskudd etter §§3 og 4 i forskrift om produksjonstilskudd i jordbruket av 22.03.2002 nr. 282, til eier av landbrukseiendom, eller til enhver som har fått tillatelse av landbrukseiendommens eier til gjennomføring av tiltak som nevnt i §§ 4 og 5 og som er registrert i enhetsregisteret.*

Ein meiner at kravet om å vere registrert i einheitsregisteret må takast vekk, evt. at kommunen får høve til å dispensere frå dette kravet i særskilte tilfelle. Ein kan elles risikere at gode tiltak ikkje får høve til å søkje og få tilskot pga. dette. Ein meiner også det bør presiserast i forskrifta at lag/organisasjonar o.l. kan søkje om midlar i samarbeid med grunneigarar.

Roger Nedreklepp, fagkonsulent skog i Ørsta og Volda, har skrive høyringsuttale for:

## HØYRING PÅ FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET

Nemnde forskrift er generelt altfor "firkanta" og for lite tilpassa lokale tilhøve i vårt langstrakte land. Forskrifta vil difor være eit stort steg attende for å drive eit framtidsretta skogbruk i ei alt pressa næring, og lite tilpassa at samfunnet elles overfører ansvar og mynde til lokalt nivå.

Det må være mykje større rom for lokalt skjøn i ei næring som har så ulike kår å drive under, som kjent varierer dei topografiske, produksjonsmessige, klimatiske og ikkje minst eigedomsmessige tilhøva stort. På vesentlege punkt må difor forskrifta opne for at fylkesmannen og/eller kommunen sjølv avgjer kva tiltak som på kort og lang sikt tener skogbruket lokalt, og ikkje verke lammande for næringa som eks. 50% regelen om tilskot til vegføremål.

Dei enkelte kapittel:

### **Kapittel 2. Tilskudd til skogkultur.**

#### **§ 2-1 Generelt.**

Bortfall av tilskot til kultiveringstiltak som skogplanting/såing er uakseptabelt med tanke på eit langsiktig skogbruk, ikkje minst med tanke på å halde oppe ein høg produksjon av trefiber for komande tider. Vidare må det vere rett å nytte ut markslag som er godt eigna til kulturskog og der det er få/ingen andre alternativ til høg avkastning. Eit generelt bortfall av tilskot til nemnde formål er altfor drastisk, lokalt skjøn må vere avgjerande om eks. skogplanting kan vere skogfagleg rett for den enkelte skogeigar på aktuelle areal. Stigmatisering av all skogplanting vil være eit stort feilsteg for framtidig økonomisk skogbruk, og eit særst uheldig signal om kultivering/investering generelt.

### **Kapittel 3. Tilskudd til vegbygging**

Ordninga med berre å kunne bruke 50 % av tildelte midlar i kommunene til vegføremål, vil ramme unødig hardt i vår kommune med relativt låg ramme for tilskot, m.a. grunna bortfall av skogplanting og høge kostnader for bygging av skogsvegar. Når dette ikkje er teke med i forskrifta, men annonsert i tildelingsbrevet, er det å vone at ordninga er temporær. Om ikkje så er tilfelle vil ny forskrift slå hardt ut i områder med vanskeleg/dyrt terreng for vegbygging. I skogreisingsstroka, som Ørsta kommune, er ein midt i arbeidet med å etablere tenlege bilvegar til skogreisingsfelt. Med annonserte ordning kan ein berre gje opp å få desse vegane på plass i tide, og med det ta ut den gevinsten som skogreisinga har gitt, granskogen kan ikkje overhaldast til særleg høg alder. I praksis vil dei nye tilskotsrammene sette sluttstrek for den offensiv vi no er midt inne i med naudsynt skogsvegbygging i vår kommune.

Vi vil difor så sterkt vi kan be departementet gje rom for regional medverknad i endeleg forskrift, når det gjeld tilskotsordninga for bygging av skogsvegar – ordninga slik den fungerer no er faktisk særst tenleg for næringa. Topografi og klimatiske tilhøve fordrar rimeleg tett vegnett for å få økonomi i skogsdrifta. Grunna dei mange og små eigedomane som ofte har liten interesse av realisering av fellestiltak, er høg statleg medverknad til vegbygging heilt avgjerande om ein for framtida skal hauste det ein har sådd.

### **Kapittel 4. Tilskudd til miljøtiltak i skog**

#### **§ 4-4 Vilkår.**

Her trengst det overgangsordningar. I mange kommunar har ein enno ikkje utført registreringar om miljøkvalitet i skog, eks. etter metodar utvikla gjennom MiS-prosjektet.

Også i desse kommunene kan det være høgst aktuelt å gje tilskot etter retningslinene i § 4-2, 1 og 2 ledd, då gjerne etter samråd med fylkesmannen og/eller andre instansar med miljøkompetanse.

## **Kapittel 5. Tilskudd til andre i skogbruket.**


### **§ 5-1 Generelt.**

Generelt bortfall av tilskot til taubanedrift er nok ei urimeleg ordning som rammar relativt få, men rammar desse – skogeigarar/entreprenørar – så hardt at driftsforma taubanedrift døyr ut. Og dette er kanskje òg departementet sin intensjon? Det verkar lite truverdig å ikkje grunnkje bortfall av tilskot til taubanedrift i det heile. Ein kan nok med fordel drøfte innskjerping/avgrensing av denne driftsforma, men at ein over natta i praksis set strek for større drift i vanskeleg terreng, kan ikkje akseptrast frå skogbrukshald – spesielt ikkje under våre terrengtilhøve. Formuleringa må takast ut av paragrafen, eller dep. må kome med ei formulering som i det minste opnar for taubanedrift på visse vilkår.

### **Sluttord.**

Generelt vil vi be om ei forskrift for skogbruket som i langt større grad er tilpassa regionale/lokale tilhøve, der lokale skogtenestemenn/skogeigarar kan få eit visst rom til å utføre skogbruk innanfor omforeina, skogfaglege rammer. Det vil skogbruket i heile landet vere tent med.

  
Olav Klokk  
landbrukssjef

  
Liv Bente Viddal  
konsulent